

Velkommen

Storfjordstemnet 2023



Foto: Bjørdal

Osvika

Styret har valt i leggje Storfjordstemnet 2023 til garden Osvika i Fjord kommune. Stemne-plassen ligg rett overfor Fjørå sentrum, heilt ned ved fjorden og berre om lag 100 m frå der vi går i land.

Det er tre tidlegare bruk i Osvika gnr./bnr. 47/1 (Nedstegarden), gnr./bnr. 47/2 (Litlehjellen) og gnr./bnr. 47/3 (Kvennhusneset). Alle bruka er i dag fritidseigdommar.

Eg siterer frå boka til Liv Randi Bjørlykke frå *Osvik-boka*:

«Siste åra har mange av gardane i inste dele av Storfjorden fått mykje omtale. Dei høyrer med til det såkalla verdsarvområdet, og namnet gjer at turistar i tusenvis vert lokka hit til fjordane kvar einaste sommar.»

Kyrkjebøkene fortel at det var 62 born i Osvika i perioden 1800-1950. Det skulle tyde på at det var liv her. I dag er det 50 år sidan dørene på dei tre gardsbruka vart stengde.»

Program frå kl. 12:30

Frå kl. 10:30 : Båttur med 'Sylvkallen' frå Valldal sentrum

12:00 –12:30 : Bakgrunnsmusikk v/Valldal Hornmusikklag

12:30 – 12:40: Velkomen og orientering om stemnestaden - styreleiar Inge Bjørdal

12:40 – 12:50: Storfjordfanfaren v/Trond Otto Berg – rektor/einingsleiar,
Vestnes kulturskule

12:50 – 13:00: Allsong – «Fagert er landet» med akkompagnement av Valldal
Hornmusikklag

13:00 – 13:15: Helsing frå Eva Hove, ordførar i Fjord kommune

13:15 – 13:30: Kåseri ved Arne Sandnes, tidlegare ordførar i Norddal kommune

13:30 – 13:40: Musikkinnslag ved Valldal Hornmusikklag

13:40 – 14:00: Grunneigar Erlend Osvik Brekke har ordet

14:00 – 14:10: Utnemning av æresmedlem

14:10 – 14:20: To historier skrivne av Liv Randi Bjørlykke, framført av Reidun Smogeli
Helsem

14:20 – 14:35: Om arbeidet til Storfjordens Venner i 2022, og planar for 2023 v/Inge
Bjørdal

14:35 – 15:10: Diverse innslag (sal av rømmegraut og pølser (frå kl. 12:00)
lotteri, sal av effektar frå Storfjordens Venner m.m.)

15:10 – 15:20: Allsong «Vestland, Vestland» med akkompagnement av Valldal
Hornmusikklag

Avslutning og avreise til Valldal.

Sal av mat

- Rømmegraut med saft : 125
- Pølse med brød : 30

Sal til inntekt for Storfjordens Venner sitt arbeid

- Sal/tinging av måleri av Per Grønli : 300
- Sal/tinging av foto : Pris etter storleik
- Sal av T-skjorte «Storfjordens Venner» : 150
- Sal av Storfjord-artiklar : Div.

Lotteri

- Stressless gitt av Ekornes Møbelfabrikk AS
- Møbel gitt av Brunstad Møbelfabrikk AS
- Vinci stol i Nubuck sand gitt av Slettvoll AS
- 3 sekkar med div. innhald gitt av Sparebanken Møre (pr. premie)
- 2 sett à 2 stk. tova sitjeunderlag gitt av SBM (pr. premie)
- 2 kasser Evergood kaffi gitt av Kiwi Sykkylven
- Heilårspyne 140 x 200 (Blue Stripes) gitt av Kjell Løseth
- Fint sengesett (dyne- og putetrekk) gitt av Hilde Straumsheim
- To putevar (raude som høyrer saman) gitt av Hilde Straumsheim
- Gåvepakning frå Fiskars gitt av Jernia Sykkylven
- Ryggsekke (2) gitt av Gjensidige Sykkylven (Hike 25)
- Førstehjelpspakningar (2) gitt av Røde Kors Sykkylven
- Andre vinstar

Bruk gjerne VIPPS eller betalingsterminalen. VIPPS-nr.: **107 649**.

Vestland, Vestland

Tore Ørjasæter

Å Vestland Vestland når eg ser deg slik
Med fagre fjell og fjord og tronge vik
Det stig i all sin venleik stort og vilt
Og atter møter meg så mjukt og mildt

Og glæda strøymer i meg still og stor
Med glans av bjørkeli og blåe fjord
Og i meg sjølv eg kjenner dypter av
Den stille skogen og det store hav

Min lette båt ein solblank kveld eg ror
Sjå fjell og himil sym på stille fjord
Og djupe dalen med sitt grønne fang
Som skin av lauv og blom frå lid og vang

Sjå skuggane som kliv dei kvasse fjell
Lik dagsens timar tøyser seg mot kveld
Det sveiper seg umtind og tronge dal
Eit draumeslør av sumarnatti sval

Her er det land som hugar meg best

Ivar Aasen

Her er det land, som hugar meg best,
og hit hev og lengta lenge;
her var det stødt som hugen var fest
og gjekk i sitt gamle gjenge.
Vida hev eg flutt og faret ikring,
aldri saag eg slike hyggjelege ting.
Ja, mykjet hev eg sett,
og meir hev eg frett,
men her hev eg sett det beste.

Her er vel jordi hugleg aa sjaa
og yndeleg paa alle tider,
helst naar ho heve sumarsplaggi paa
og blømer til dei øvste lider.
Aldri vild' eg bytt i nokonhanda skatt
denne vaar sæle, sumarljose natt,
daa jordi ligg i skrud
og søv som ei brud,
og dagen vakjer trutt um landet.

Her heve alt ein vênare lit,
han gjerer meg so godt i hjarta;
her er det rett, som alt hadde vit
og kunde baade læ og garta.
Folket og eg er like som eitt;
alt kva dei segja, skynar eg so greidt;
og aldri er der ord
paa all den vide jord,
som ganga meg so til hjarta.

Her kan eg kjenna bygder og bol
og berg i so ymse rader;
fjøra og fjell og himmel og sol
er kjendar' enn andre stader.
Saart hev eg sakna heimen ei tid,
difyr er han no so kjær og so blid.
Lat koma kva som kan;
eg møter som ein mann,
og aldri fer eg ut or landet.

Fagert er landet

Anders Hovden

Fagert er landet du oss gav,
Herre, vår Gud og vår Fader!
Fagert det stig av blåe hav,
soli ho sprett og ho glader,
signar vårt land i nord og sud;
soleis di åsyn lyser, Gud,
over vårt Noreg i nåde.

Tidi ho renn som elv mot os, fort skifter
sumar med vetter. Fader, ver alltid
Noregs los radt til dei seinaste ætter!
Herre, vår Gud, vårt Noregs Gud, varda
vårt land frå fjell til flud, lær oss å gå
dine vegar!

Signa då Gud vårt folk og land, signa vårt
strev og vår møde, signa kvar ærlig
arbeidshand, signa vår åker med grøde!
Gud utan deg den vesle urt, veiknar og
visnar, bleiknar bort, ver du oss ljuset og
livet!

No livnar det i lundar

Elias Blix

No livnar det i lundar,
no lauvast det i li,
den heile skapning stundar
no fram til sumars tid.

Det er vel fagre stunder
når våren kjem her nord
og atter som eit under
nytt liv av daude gror.

Guds kyrkje lysa skulle
som høgt på berg ein stad,
med sumar utan kulde
og utan solarglad

Guds ord vel alltid lyser,
den sol gjeng aldri ned.
Det hus som Anden hyser,
ligg støtt i ljøs og fred.

Men stundom kom det kulde
på Herrens kyrkjemark.
Det var som Gud seg dulde,
og borte var Guds ark.

Det var dei mørke dagar,
Guds ord var fåhøyrd segn.
Og hjarta frys og klagar,
det saknar sol og regn.

Så sende Gud sin Ande
som dogg på turre jord.
Då vakna liv i lande,
då grøddest vent Guds ord.

Då er det sæle tider
for Kristi kyrkjegrunn.
Då lauvast det i lier,
då livnar det i lund.

Då ljøsna det i landet
frå fjell og ned til fjord.
Då losnar tungebundet,
då kved Guds folk i kor.

Då skin det over strender
som sol ein sumarkveld.
Då gløder kring i grender
ein heilag altareld.

Du vår med ljøse dagar,
med lengting, liv og song,
du spår at Gud oss lagar
ein betre vår ein gong,
då me med vigsla tunge,
med kjærleik heil og klår,
alt utan brest og sprunge
skal lova Herren vår!



Storfjordstemnet

Sidan Storfjordens Venner vart stifta i 1975, har det kvart år vore Storfjordstemne. Dette er eit viktig arrangement for foreininga. Her vert det knytt kontakt med medlemmane og andre kultur- og historieinteresserte.

Det vert orientert om arbeidet som er gjort sidan siste stemne, og fortalt om livet på sjølve stemnestaden. Vidare vert det orientert om planar for året som kjem. Dette er informasjon som storfjordvenene set stor pris på. Dei får stadfesta at det er godt liv i organisasjonen, og at arbeidslysta er høgst levande.

Støtt arbeidet vårt ved å teikne medlemskap i Storfjordens Venner.

Medlemskontingent 2023

Einskildmedlem	: 300,-
Familiemedlemskap	: 500,-
Bedriftsmedlemskap	: 900,-

www.storfjordensvenner.no

post@storfjordens-venner.no

Programheftet gjeld som billett
Vaksen kr 250,- Born under 16 år gratis.

Ein stor TAKK til våre støttespelarar!



Stranda og Sykkylven



Sykkylven